

Møteprotokoll

Utval: Sykkylven kontrollutval
Møtestad: Sykkylven rådhus
Dato: 10.09.2025
Tidspunkt: kl. 13:30 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Vik
Leonhard Vårdal
Marit Jørgensen Reite
Roger Welle
Stig Ålgårdstad

Andre som møtte

Ingrid Walstad Larsen	Møre og Romsdal Revisjon SA
Jorunn Hoås Rødal	Møre og Romsdal Revisjon SA
Linn Gunhild Pettersen	Møre og Romsdal Revisjon SA
Solveig Kvamme	Seniorrådgivar SKS IKS

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

PS 16/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 17/25	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 innan personalressursforvaltning
PS 18/25	Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025
PS 19/25	Rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2024 - attestasjon og tilvising
PS 20/25	Forenkla etterlevingskontroll 2025 - vurdering av risiko
PS 21/25	Budsjettramme kontrollarbeidet 2026
PS 22/25	Orienteringar
PS 23/25	Meldingar og skriv
MS 12/25	Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn
MS 13/25	Nyhetsbrev juni 2025 - Forum for kontroll og tilsyn
MS 14/25	Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025

PS 16/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 16/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Sak 22/25 på saklista går ut, den var meldt opp ved ein feil.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 17/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 innan personalressursforvaltning

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 17/25 Vedtak:

Kontrollutvalet har gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning i Sykkylven kommune og rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei seks tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning:

- Gjennomføre og følgje opp medarbeidarsamtalar i alle einingar.
- Gjennomføre systematisk kompetansekartlegging i einingar som ikkje har innført dette.
- Sikre at det blir utarbeidd oppfølgingsplanar, gjennomført dialogmøte og arbeid med tiltak ihht. til kommunens rutinar, slik at det blir lik praksis mellom einingar i sjukefråværsarbeidet.
- Nytte dei tilsette sine tilbakemeldingar om dei mest vesentlege forbetringpunkta i sjukefråværsoppfølginga som grunnlag for vidareutvikling av det førebyggjande HMS-arbeidet.
- Bruke innspel frå dei tilsette om rekrutteringstiltak og etter- og vidareutdanning som kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av kompetanse- og rekrutteringsarbeidet.
- Kartlegge om det er behov for tiltak i einingar/avdelingar der det er særleg risiko for arbeidsmiljøutfordringar, t.d. ved høg turnover eller der fleire tilsette rapporterer at dei vurderer å slutte.

2. Kommunedirektøren bør merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og ta omsyn til desse i arbeidet med kommunen sin arbeidsgivarstrategi.

3. Kommunedirektøren bør rapportere skifteleg til kontrollutvalet om tilrådingar som er gjennomført, under arbeid og planlagt, innan utgangen av januar 2026.

Behandling i møtet

Tilleggsforslag foreslått av Leonhard Vårdal:

- *Gjennomføre og følgje opp medarbeidersamtalar i alle einingar.*
- *Gjennomføre systematisk kompetansekartlegging i einingar som ikkje har innført dette.*
- *Sikre at det blir utarbeidd oppfølgingsplanar, gjennomført dialogmøte og arbeidd med tiltak ihht. til kommunens rutinar, slik at det blir lik praksis mellom einingar i sjukefråværsarbeidet.*
- *Nytte dei tilsette sine tilbakemeldingar om dei mest vesentlege forbetringpunkta i sjukefråværsoppfølginga som grunnlag for vidareutvikling av det førebyggjande HMS-arbeidet.*
- *Bruke innspel frå dei tilsette om rekrutteringstiltak og etter- og vidareutdanning som kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av kompetanse- og rekrutteringsarbeidet.*
- *Kartleggje om det er behov for tiltak i einingar/avdelingar der det er særleg risiko for arbeidsmiljøutfordringar, t.d. ved høg turnover eller der fleire tilsette rapporterer at dei vurderer å slutte.*

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen gjekk gjennom rapporten, med vekt på metode, vurdering, funn, konklusjonar og revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet kommenterte, stilte spørsmål og drøfta rapporten.

Leiar fremma forslag på vegne av utvalet om å ta med tilrådingan frå revisor i vedtaket.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet har gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning i Sykkylven kommune og rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning
2. Kommunedirektøren bør merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og ta omsyn til desse i arbeidet med kommunen sin arbeidsgivarstrategi.
3. Kommunedirektøren bør rapportere skifteleg til kontrollutvalet om tilrådingar som er gjennomført, under arbeid og planlagt, innan utgangen av januar 2026.

PS 18/25 Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 18/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.

Behandling i møtet

Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gjekk gjennom revisjonen sin plan for revisjonsarbeidet knytt til årsrekneskapen for 2025, og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.

PS 19/25 Rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2024 - attestasjon og tilvising

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 19/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med attestasjon og tilvisning i Sykkylven kommune, til vitande.

Revisor uttaler: Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er revisor ikkje blitt oppmerksomme på noko som gir grunn til å tro at Sykkylven kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd rutiner og reglement for attestasjon og tilvisning.

Behandling i møtet

Tilleggsforslag, foreslått av Leonhard Vårdal:

Revisor uttaler: Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er revisor ikkje blitt oppmerksomme på noko som gir grunn til å tro at Sykkylven kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd rutiner og reglement for attestasjon og tilvisning.

Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gjekk gjennom rapporten og svarte på spørsmål frå utvalet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med attestasjon og tilvisning i Sykkylven kommune, til vitande.

PS 20/25 Forenkla etterlevingskontroll 2025 - vurdering av risiko

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 20/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si risikovurdering til vitande og støttar valet av område for forenkla etterlevingskontroll som er offentlege anskaffelsar - dokumentasjon på utført konkurranse

Behandling i møtet

Tillegg etter siste setning, foreslått av Leonhard Vårdal:

som er offentlege anskaffelsar - dokumentasjon på utført konkurranse

Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gjekk gjennom si risiko- og vesentlegvurdering og tilråding.

Kontrollutvalet drøfta dette og gav revisor sine innspel.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor si risikovurdering til vitande og støttar valet av område for forenkla etterlevingskontroll

PS 21/25 Budsjettramme kontrollarbeidet 2026

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 21/25 Vedtak:

Sykkylven kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Sykkylven kommune er på **kr 1 680 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000
- Rekneskapsrevisjon kr 680 000
- Forvaltningsrevisjon kr 370 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Sykkylven kommune.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet drøfta grunnlaget og støtta framlagt tilråding.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Sykkylven kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Sykkylven kommune er på **kr 1 680 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000
- Rekneskapsrevisjon kr 680 000
- Forvaltningsrevisjon kr 370 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Sykkylven kommune.

PS 22/25 Orienteringar

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 22/25 Vedtak:

Går ut

Behandling i møtet

Går ut.

PS 23/25 Meldingar og skriv

MS 12/25 Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 12/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Leiar deltok på konferansen og årsmøte og gav eit munnleg orientering utvalet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 13/25 Nyhetsbrev juni 2025 - Forum for kontroll og tilsyn

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 13/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 14/25 Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025

Sykkylven kontrollutval 10.09.2025

SYKU 14/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.